

Språkreise gjennom 2000 år

Lomheim tek oss med på ei språkreise på 2000 år. Her tek ein sjumilsstøvlane på seg og tek ei reise i det norske språket frå Rabbiens tid i Galilea og fram til Facebook og Fox News på 2000- talet.



Det vert ei underhaldande reise tilbake til norskens opphav, og språkresa tek til i dag med norskens plass i det globale språksamfunnet. Lomheim guidar oss gjennom det dramatiske tusenåret då urnordisk gradvis gjekk over til å bli norrønt som vikingane så tok med seg ut i Europa, fram til dagens internasjonalt prega norsk. Den kunnskapsrike språkdirektøren syner korleis samfunnsutviklinga har påverka språket vårt, og korleis menneska gjennom historia har teke til seg ord og vendingar i takt med nye behov. Reisa sluttar ved å vende blikket framover. Veggen vidare er uviss. Trass i ulike tema og mange avstikkarar har reisa éin tydeleg tråd, og det er at ord og samfunn til alle tider står i forhold til kvarandre. Det er ikkje dermed slik at språket styrer samfunnet - det er samfunnet som styrer språket. Slik var det i steinalderen, og slik er det i skjermalderen. Denne mangfaldige framstillinga av språkhistoria vil fryde både ihuga språkelskarar og dei språkinteresserte som ønskjer å vite meir om språkutvikling. Bli med på ei spennande språkreise!

Og så er han oppteken av Trump. Kva signal sender han ut? Kva med kroppsspråket? Språket til Trump kjenneteiknast av at det er sleivete, upresist, og utan logisk sammanhang. Det er prega av total mangel på presisjon, seier Sylfest Lomheim. Han samanliknar språket til Donald Trump med språket til ein som står i baren og veivar ut påstandar.

Sylfest Lomheim er norsk språkvitar og folkeopplysar frå Hafslo i Sogn. Frå 1. januar 2004 til 1. september 2010 var han direktør for Språkrådet.

Lomheim er utdanna som filolog ved Universitetet i Oslo. Han var i mange år knytt til Høgskolen i Agder, der han mellom anna underviste i omsetjingsteori ved fagomsetjarstudiet. Frå 1987 til 1992 var han rektor ved høgskulen. Han har òg hatt arbeidsopphald i Frankrike.

Lomheim var mellom 2004 og 2010 direktør i Språkrådet, statens rådgjevande organ for språkspørsmål i Noreg. Sylfest Lomheim er særleg kjend frå NRK der han var språkkonsulent for NRK frå 1980 til 1994. Han har vore medarbeidar i radioprogrammet Språkteigen frå 1990 og delteke i den populære TV-serien Typisk norsk.

Det er Rogaland ungdomslag som har arrangert føredragsturnèen med Lomheim, og både Sandeid, Haugesund og Stavanger får besøk denne helga.